



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2018/7385-6

Vår ref
18/2973-2

Dato
26. juni 2018

Bompengereforma - godkjenning av garantiar til Ferde AS

Vi viser til brev av 19. juni 2018.

Fylkestinget gjorde den 13. juni 2018, sak 53/2018, vedtak om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS. Vedtaket lyder slik:

- Jondalstunnelen
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.*
- Fastlandssambandet Halsnøy
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.*
- Bømlopakken
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.*
- Kvammapakken
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.*

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Hina Ilyas
22 24 72 63

5. Vossapakken
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.*

6. Hardangerbrua
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.*

7. Nordhordlandspakken
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.*

8. Årsnes ferjekai
*Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.*

9. *Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.*

Punkta 1 til 6 i vedtaket gjeld overføring av eksisterande garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Punkt 7 *Nordhordlandspakken* er eit nytt prosjekt.

Punkt 8 *Årsnes ferjekai* gjeld eit prosjekt der fylkeskommunen sjølv har vore "bompengeselskap" og har teke opp lån. I samband med bompengereforma legg ein opp til at også dette prosjektet skal kunne overførast til Ferde AS.

Punkt 1 til 6

Departementet godkjenner overføring av garantiar til Ferde AS for Jondalstunnelen, Fastlandssambandet Halsnøy, Bømlopakken, Kvammapakken, Vossapakken og Hardangerbrua.

Punkt 7

Stortinget behandla i november 2017 *Prop. 164 S (2016-2017) Finansiering av Nordhordlandspakken i Hordaland*. Stortinget samtykte i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje in bompengar til pakken, i tråd med vilkåra i proposisjonen. I mehald av kommunelova § 51 nr. 1 godkjenner departementet fylkeskommunen sitt vedtak om å stille garanti for Nordhordlandspakken.

Punkt 8

I medhald av kommunelova § 51 nr. 1 godkjenner departementet fylkeskommunen sitt vedtak om å stille garanti for Årsnes ferjekai.

Godkjenningane i dette brevet er gitt ut i frå dei føresetnadane som ligg til grunn for søknad av 19. juni 2018. Ved endringar i føresetnadane må ny søknad om godkjenning sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Hina Ilyas
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar